

Kjære alle saman,

Eg er glad me står samla her i dag, til tross for den situasjonen som landet og heile verda no står i.

Frigjering- og veterandagen, 8. mai. Dett er ein merkedag, høgtidsdag, og ein dag for å heidre.

Det er i dag 75 år sidan den andre verdskrigen var slutt. Etter fem år med krig mot urett og ondskap var det fred den 8. mai i 1945.

Og det har sidan vore fred i landet vårt.

Ungar har i leika fritt, familieane har vore trygge, og ilag levd gode liv. Born og unge har fått utdanning, dei eldre har vorte vel teke vare på, og samfunnet har vore i utvikling og vekst.

Norge er eit fritt og sjølvstendig land, eit demokrati kor folket har tillit og vørndnad for kvarandre.

Og dette, er noko av det viktigaste vi har, og som vi bør ta godt vare på og verne om.

I åra etter 1945 har Norge vore med på ulike fredsbevarande oppdrag i mange land.

Menn og kvinner har reist i teneste for fred og rettferd. Dei har representert organisasjonar som Røde kors og Leger utan grenser, og dei har representert FN.

Dei som har vore att heime har sytt for ungar og familie, og arbeidd for den gode kvardagen, -dei har og vore i tenest for fred og rettferd. Ein av dei viktige oppgåvene er nett dei daglege, som vi alle gjer for at samfunnet skal fungere godt og være trygt.

Alle som har omsorg for andre og som utøver gode gjerningar i kvardagen, er med å styrke demokrati, god helse og rettferd for alle. Det er dette som er fred!

No er Norge og verda i ein ny og vanskeleg situasjon. No er det pandemien Covid 19 som fører til usikkerheit og redsle. Sjukdom og død skal kjempast ned med felles samarbeid, samhald og omsorg.

No ser vi igjen kor viktig det er med demokrati, vørndnad og respekt. For kvarandre, for styresmaktene og for samfunnet me alle er ein del av.

Dette kjem til å gå bra! I lag kjem vi til å vinne over denne fara og.

Omsorg, vørndnad og tillit er demokrati.

Demokrati er fred!

---

Flagget opp, for dei som stod vakt  
Mot ei overveldande framand makt.  
Flagget opp for dei som stod i mot  
Før vondskapen fekk setja rot.

75 år med fridom i vårt vesle land  
Flagget opp for dei som holdt stand.  
For dei som gav sitt liv, for si von  
For fridommen, for neste generasjon.

For dei som nekta å la landet gå  
Som kjempa når fienden banka på.  
For dei som stod i mot utan å kny  
Og sette i gong, bygde landet på ny.

For dei som har kledd seg i uniform  
Audmjukheten for dei er enorm.  
For dei som gav av si ungdomstid  
For balanse ute, i ei verd i strid.

For alle veteranar, for alle dei  
Som lot seg inspirera av Kongens nei.  
Flagget opp for neste generasjon  
Heis flagget! Det er alltid von!

Dikt av Arne Torget